



«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 06.10.2015
Vår ref.: 2014/15734-2
Saksbehandlar: elibjor
Dykkar ref.: «REF»

Museumsplanmidlar 2012-2015

I åra 2012 til 2015 har Fylkestinget løyvd til saman 10, 1 mill. kroner til oppfølging av «*Musea i samfunnet*» - *Regional plan for museum 2011-2015*. Handlingsprogrammet med fordeling og prioritering av midlane har vore politisk handsama i Fylkestinget kvart år. Deretter har Kultur- og ressursutvalet fordelt løyvingane på institusjonsnivå. Det einskilde museet har fått tildelingsbrev om sine løyvingar.

Til Fylkestinget våren 2016 skal vi legge fram ei sak som presenterer resultatane av satsingane åra 2012 til 2015. Vi vil sende ut eit skriv til det einskilde museum i veke 44. Det vil innehalde oversikt over tildelte museumsplanmidlar og frist for tilbakemelding. Vi vonar at fleire av dei prosjekta som er i gong, eller som skal settast i gong, kan slutførast før framlegging for Fylkestinget. Det vil vere fint å ha rapportar/utgreiingar som vedlegg i den politiske saka.

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Elisabeth Bjørsvik
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.